**KOMMUNEDELPLAN FOR SJØ OG STRANDSONA - VEDLEGG 5 av 17.**

**MERKNADSSKJEMA – OVERSIKT OVER INNKOMNE MERKNADAR ETTER 3. GONGS OFFENTLEG ETTERSYN**

| Nr. KU | Journalpost | Avsendar | Område/gnr | Merknad | Vurdering |
|---|---|---|---|---|---|
| | 17/23527 | Aksel og Kari Mjøs | | Viser til handsaming av deira innspel til 2. gongs offentleg ettersyn. Ber om at deira merknad vert presisert til å gjelde kva dei faktisk meldte inn i epost 02.06.2017. Det er ikkje lagt inn noko nytt merknadspunkt. Korreksjonane er:<br>○ Det har aldri vore snakk om utfylling til Heldalsholmen. Det er ynskje om å fylle ca 1/3 ut til holmen og djupna er maksimalt 1 m. Framstillinga får ikkje fram dette.<br>○ Gangsti vil ikkje krevje utsprenging.<br>○ Småbåthamn ligg langt frå gravrøys og det er urimeleg at denne skal måtte avgrensast av denne.<br>○ For naustområde 5b vil det ikkje vera relevant med utsprenging, dette må difor ikkje vurderast inn i KU.<br>○ Stiller seg undrande til at småbåthamn er negativ for friluftsliv siden båt er viktig for friluftsliv og hamn gjer dette meir tilgjengeleg.<br>○ Tilrettelegging av småbåthamn er viktig for fastbuande og hyttefolk. Viktig med slik hamn ved 1b. Bør ikkje avvise ei fylling som vil ha små negative inngrepskonsekvensar men svært positivt for friluftsliv | Delar av merknadane er innarbeida i planen.<br>I konsekvensutgreiinga er det lagt inn om utspreniging *«..og eventuell utspreniging..»*. Prosjektering og detaljplan må vurdera graden av landskapsinngrep.<br>Utspreniging av naustområde 5b er ikkje vurdert.<br>Småbåthamn gjer personer med tilgong til båtplass mulighet for friluftsliv men samstundes beslaglegg område for småbåthamn området for at andre kan drive rekreasjon i same området. |
| | 17/24533 | Øystein Mo | BAB46 og BAB3 - Olsnes | Klage på fylkesmannen si motsegn for område BAB46 og BAB3 - Olsnes.<br>Viser til at arealet vart frå delt i 1963/64. Viser til at | Kommunen vurderar at dersom fylkesmannen meiner at tiltaket ikkje er i tråd med |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | naustetomt kan byggast i vik utan svaberg og utan at det vert store inngrep i landskapet. Ber om at kommune og fylkesmann vurderar området på nytt. | strandsonevernet så må kommunen ta dette til etteretning, slik at ein kan ha ein progresjon i planarbeidet og kan gå til eit endeleg vedtak. |
| 17/25352 | Andreas Raknes, Jarle Raknes, Svein Raknes og Bent A Raknes | BAB43 og 44 - Raknes | Viser til at kommunen har fatta vedtak om at det skal opnast for byggetiltak på tomta. Har aldri bede om at tiltaket vert innlemma i noko kommuneplan. Ber om at kommunen gjennomfører vedtaket til formannskapet i 2011.<br>Viser til at det er tydleg at kommunen ikkje går inn for tiltaket. Fylkesmannen har kopiert kommuen sin negative uttale og ikkje frå det politiske vedtaket frå 2011. Peikar på at:<br>o Området har tiltak i dag. Ligg ein bustad i eine enden og ei hytte i den andre. Veg til ormådet er påbegynt. Opne for bruk av området vil føre til ei opning av vanskeleg tilgjengeleg naturområde.<br>o Viser til kulturhistorisk verdi på sag på bruk nr 4. | I formannskapet sitt vedtak frå 2011 er det spesifisert i grunngjevinga for vedtaket at dette skal inn i ein kommuneplan, og kommunen har fulgt opp dette med å vurdera arealbruken inn i denne planen. Kommunen har ved 2. offentleg ettersyn vore positiv til å opne for naust og brygge i området. |
| 17/25785 | Harald thor Straten | | Klager på at arealinnspelet til utlegging av flytebrygge på gbnr. 105/26 - Bernes ikkje er tatt inn i planen til 3. gongs offentleg ettersyn. Viser til klage på avslag i dispensasjon i brev dagsett 26.02.2015. Her er det vist til at *«…anmodes kommunen alikevel å ta denne med i betrakning unde den pågående utredningen og da som et særskild behov. Her ønskes tilbakemelding om at dette er tatt med som innspill i den pågående utredningen og at de særskilte behov er fremmet i innspillet».*<br>Forventer at salen sees på og at man her kommer til en løsning. | Vi viser til brev i saka dagsett 09.01.18. Klagen er ikkje tatt til følgje. Innspelet burde vore tatt inn i planen men grunna sakshandsamingfeil vart den ikkej tatt inn. Fordi saka har vore vurdert 6 gonger tidlegare i ulike vedtak i kommunen meiner kommunen at saka har vorte grundig vurdert og at kommunen difor har tatt stilling til saka. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 18/501 | Opplysningsvesenets fond | | Viser til at det er lite hensiktsmessig å tilbakeføre området for offentlig tenestetyting til LNF på Klokkarneset. Dersom det vert aktuelt å bygge området ut vert det ein uforholdsmessig krevjande prosess å regulera området til byggeføremål. | Tatt til orientering. Planen skal vera ferksvare og så slenge det ikkje ligg føre planer om å bygge ut bør det heller ikkje vera som byggeområde. |
| 18/655 | Melinda Bernes og Reidar Nymark | | Ønska å få rydda opp i tidlegare masseuttak. Ynskjer å nytte området til LNFføremål og få inntekt på garden. | Kommunen meiner området bør ligge som LNF og ikkej som byggeområde. Rydding som del av LNF har ikkje kommunen tatt stilling til. |
| 18/757 | Melinda Bernes og Reidar Nymark | Osterhamnneset | 1. Bustad og naust på Bernes gbnr 105/23 og 55. Feil i kartet. Skjeret tilhøyrer ikkje bnr 23. Er feller for gbnr 105/1-4. Godtek ikkje utbygging i områder over naustområdet som er avsett i matrikkelen.<br>2. Pekar på at det ikkje er søkt om veg fram til hytte på gbnr 105/4 - Osterhamnneset. Det er feil i framstillinga ved at dette er negatitv for friluftsliv, folkehelse og born og unge. Dagens steinrøys er til sjenase og terrenget har liten mulighet til ferdsel. Er ikkje ein egna leike plass til born. | Tatt til orientering. Planen vruderar ikkje gbnr og lokalisering i grunnkart. Planen vurderar berre arealbruk uavhengig av grunneigar.<br>I utgangspunket ynskjer kommunen å lokalisera byggeormåde langs infrastruktur. At det ikkej er infrastrultur er rekna som negativt i høve til å utvikle eit byggeområde. |
| 18/708 | NVE | | Har ingen merknad til planframlegget. | |
| 18/721 | Andreas Raknes | Johamn - Raknes | Gbnr 110/13 har hatt båt liggande her i 50-60 år. Vanskeleg med god til gong til båten og ynskjer å lage ein mindr kai/trapp for å få betre tilgong til båten. Ynskjer i tillegg å lage ei mindre hytte til oppbevaring av garn og motor. Ber om at dette vert teken omsyn til å sjø- og strandsoneplanen og at | Det vert ikkej opna for nye arelainnspel i denne runden. Utlegging av brygge vil vera ein arealendring i kartet som vil medføre ny utlegging til |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | det ved bygging av båtplasser kan ha tilflot til nemnde eigedom. Dette må takast omsyn til ved plan for vassforsyning og spillvatn som er føreslege i johamn. | offentleg ettersyn, og vil difor forlenge prosessen med planen. Dette er ikkje tilrådd. |
| 18/723 | Reidar Gjesdal | Gbnr 111/116 | Eigar av naust og ynskjer å rydde rundt naust. Vil gjera det tryggare å kome på land med båt og ynskjer å føre opp kai. Er eigar av naust på gbnr 111/179 og ynskjer å byte bordkledning og evt endre konstruksjon til grindbygg. | Vert vudrert som eit innspel om endra arealfføremål. Det vert ikkje i denne runden vurdert endra arealføremål siden det i 2 tidlegare runder har vore opna for dette. |
| 18/726 | Fiskarlaget Vest | | Viser til tidlegare uttale i saka. Peikar på at trålområdet i framtida ved Litletveitholane må inn som trålområde når det ikkje vert nytta til fortøying. | Tatt til orientering. |
| 18/779 | Fylkesmannen | | Fylkesmannen trekk motsegna. Viser til at oppdatering av planskildring er positiv. | Tatt til orientering. |
| | Hordaland fylkeskommune | | 1. Viser til føresegn § 6.10 ved 3. gongs høyring seier *«..for lokalitet …….gjeld berre kravet til minimalt utslepp av organiske partiklar ved vesentleg endring av eksisterande anlegg…»*. Fylkeskommunen tolkar det slik at det i dette ligg implisitt at kravet om minimalt utslepp ikkje gjeld for dagens drift.<br>2. Fylkeskommuen viser til at det er positivt at motsegnspunkta ved 2. gongs høyring er teke ut eller endra i planen og dei to motsegnspunkta er difor trekt attende.<br>3. Nokre av dei kulturminnefaglege merknadane til planforslaget er ikkje tekne omsyn til i planen, mellom anna når det gjeld sentrumsføremål i Fotalndsvåg, småbåthamn i Fotlandsvåg, akvakulturanlegg på Blom og naust ved Hosanger kyrkjestad. | 1. Planlegging etter PBL gjeld berre framtidig drift.<br>2. Tatt til orientering.<br>3. Alle merknadane er vurdert og kommunen har gjort endringar der det etter ei heilskapeleg vurdering er viktig for å ta vare på kulturminneverdiar. |

| MERKNAD KOMEN INN ETTER HØYRINGSFRISTEN | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 18/784 | Morten Fotland | Gbnr 96/27 | Viser til at det er ønske om å bygge ein enkel traktorveg i eit smalt gjel som ikkje er synleg frå sjø eller hovudveg. Vegen vil grense til området avsett til næring og ivaretaking av terreng må derfor vurderast i dette tilfellet som ikkje eit sterkt omsyn. Vilkåret om at vegen skal vera mellombels og at den skal tilbakeførast til terreng er etter vår erfaring upraktisk og eit uforholdsmessig vilkår. Opning for inntil 3 naust gjer at vegen må etablerast og tilbakeførast fleire gonger dersom nausta vert bygd til ulike tidspunkt. Dette tilseier at enkel veg burde vera permanent.<br>Vert anmode om at vikåra knytt til køyreveg i føresegn § 2.57 vert endra til å opne for enkel traktorveg. | Er komen inn etter fristen og vert ikkje vurdert. |

**KOMMUNEDELPLAN FOR SJØ OG STRANDSONA**

**MERKNADSSKJEMA – OVERSIKT OVER INNKOMNE MERKNADAR ETTER 2. GONGS OFFENTLEG ETTERSYN**

| Nr. KU | Journalpost | Avsendar | Område/gnr | Merknad | |
|---|---|---|---|---|---|
| | 17/11923 | Opplysningsvesenets fond | 129/1 | Meiner at område 129/1 på Hamre ikkje skal omregulerast til LNF. Området er nære infrastruktur og det bør kunne ha eit byggjeføremål. Kommunen bør vurdera å endra føremål til bustad. Området langs strandsona bør vera friområde. | Òmrådet er nytta til landbruk i dag. Kommunen har vurdert at byggjeføremålet som er i dag (privat/offentleg tenesteyting) ikkje har blitt realisert og at det ikkje er konkrete planer om dette. Dersom det kjem opp konkrete planer om utbygging her må kommunen vurdera å endra status. Fram til dette meiner kommunen at området bør liggje som LNF. |
| | 17/3852, 17/11449 | Fiskarlagets vest | | Fiskarlaget stettar ikkje at trålfelt ved Litletveitholane vert omgjort til akvakultur. Ved å leggje akvakultur i kombinasjonsområde mister kommunen sjølråderetten. Er positiv til at kommunen har fokus på miljø i planen. | Kommunen er i utgangspunktet samd med fiskarlaget men viser til at fylkeskommunen allereie har gjeve løyve til utlegging av fortøying med heimel i akvakulturlova. Det er knytt motsegn til dette punktet og kommunen legg difor inn område som det er gjeve løyve til. |
| | 16/20286 | Einar Vik | Vik 148/3 | Flytebrygge to alt. Ikkje vurdert i runde 1. Vurdert i denne handsaminga. | Arealet er no vurdert og ikkje tilrådd. Grunngjeving ligg i KU. |
| | 17/2795 | Svein Arne | 151/67 | Endra bryggelokalisering som ikkje skal hindre tilkomst til badevik. | Ny lokalitet er vurdert men etter ei samla vurdering vert |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | Låstad | | | ikkje endra lokalisering tilrådd. |
| 17/3471 | Reidar Nymark | 105/4 | Påpeikar at det i planen ikkje er tatt inn at området skal planerast, rydde vekk steinmasser, etablere flytebrygge og naust.<br>Blir i tillegg peika på at:<br>- Ynskjer interessenter som vil bytte stein mot planering<br>- Peikar på habilitet til heradstyremedlem Ragnar Tyssebotn fordi han sit i politisk utval. Tyssebotn var i si tid involvert i oppstart av masseuttak.<br>- Ber om svar på om planering av området er søknadspliktig | - Er ikkje eit tema i planen<br>- Habilitet vart vurdert til alle medlemma i arbeidsgruppa undervegs. I denne saka vart det einstemmig vurdert at R. Tyssebotn var habil, jf. grunngjeving i habilitetsvurdering.<br>- Planering av dette ormpdet er søknadspliktig ut får dagens planstatus |
| 17/8040 | Astra Holding AS | 118/5 | Ber om at funksjonell strandsone vert flytta slik at det kan realiserast bustadar i området ut frå helning på berg mot sjø. | Vurdering av funksjonell strandosne byggjer på mange ulike omsyn og er ikkje mogleg å flytte. |
| 17/8040 | Astra Holding AS | 118/85 og 72 | Viser til at lokalisering av flytebrygge i planforslaget gjer at flytebrygga mister sin funksjon. Ber om at område for flytebrygge vert forskyvd slik vedlagt skisse syner, slik at den vert liggande mot ny kaifront, med lengderetning ut i sjøen. | Ut frå omsyn til ferdsel i sjøen meiner kommunen at tiltak bør i monst mogelg grad stikke ut i sjøen. Endra lokalisering vert ikkje tilrådd. |
| 17/8520 | Jens Reigstad | 135/17 | Ynskjer å leggja ut 9 m lang flytebryggje framfor garveriet. | Det er ikkje opna for nye arealinnspel. Innspelet er ikkje vurdert. |
| 17/8650 | Helene Myhre | 129/1 | Viser til planlagd naustområde ved kyrkja på Hamre. Peikar på | Tatt til vitande. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | og Øyvind Hannisdal | | at nytt naustområde vil forringe unikt kulturmiljø. Ber om at området vert tatt ut av planen. | |
| 17/10180 | NVE | | Ingen merknadar | - |
| 17/1061 1 | Knut Vasstrand | | Viser til at for å minske arealkonflikt mellom småbåthamn og badeplass Krekla ved Haus kyrkje bør badeplassene avmerkast som badeplasser og park i planen. Vonar at miljøtilstanden i Mjeldevågen vert betre og kan nyttast til bading og rekreasjon. | Området er i gjeldande reguleringsplan friområde. |
| 17/1086 1 | Knut Vasstrand | 62/24 | Viser til at nemnde eigedom er lagt ut som friområde/idrettsområde. Peikar på at «*..det meste av det som er definert som friområde innenfor eiendommen ikkje vil møte lovens krav til helningsvinkel for strandsone tilgjengeleig for offentlig friluftsliv*». Friområde kan vera farlig for unge og personer. Anmodes om at arealføremål vert vurdert i ljos av dette. | Det eksisterar ikkje lovkrav til helningsvinkel på friluftsområde. Området bør vera ein del av eit heilskapaleg friluftsområde langs tidevasstraumen rundt Mjeldvatnet. |
| 17/10241 | Harald Thor Straten | 105/26 | Førepurnad om flytebrygge på gbnr 105/26 og om det kan sendast inn arealinnspel til kommundelplan for sjø og strandsone. | Må vurderast overordna om det skal opnast for ein ny runde med arealinnspel. |
| 17/10895 | Sveinung Daltveit | 110/8, 9, 29, 80 og 81 | Ynskjer å utvikle industriområde til bustad/fritidsbustad. Ber kommunen vurdera  endring av føremål til bustad/fritidsbustad. | Det er ikkje opna for nye arealinnspel. Innspelet er ikkje vurdert. |
| 17/11052 | Osterøy kyrkjelege fellesråd | | Viser til at område avsett til naust ved kyrkja på Hamre er eit veldig viktig kulturmiljø og at det ikkje bør byggast i området framfor kyrkja. | Tatt til vitande. |
| 17/11153 | Johannes Haugland | 131/2 | Viser til innspel om naust - Drageneset, der heradsstyret ikkje innstilte til bygging av naust. Viser til at kommunen har sett vilkår til naust i Bruvik at «*…det vert ikkje tilrådd med* | Område for naust i Bruvik er det fremja motsegn til frå fylkesmannen, sjølv om det er |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | *sprenging i svaberg»*. Ber om at naust på Drageneset vert vurdert med denne føresegna. | knytt føresegn til dette om *«ikkje tilrådd med sprenging i svaberg».* Etter vår vurdering vil difor naustområde som Drageneset ikkje kunne realiserast då det kan vera i strid med nasjonale føringar for strandsoneforvaltning. |
| 17/11385 | Lerøy Sjøtroll | Viser til at det er viktig at selskapet har same rammevilkår i Osterøy som i andre kommunar for å vera konkuransedyktig. Kommunen bør ikkje stille krav innan den sida som sektorstyresmakt handsamar.<br>Dårleg miljøtilstand skuldast at ein ikkje har hatt den årlege omrøringa av vassmassane. Fylkesmannen og fiskeridirektoratet er i dialog med Lerøy Sjøtroll om tiltak for å betra miljøtilstanden. Det finnes heller ikkje kommersiell teknologi som gjev nullsutslepp.<br>Utlegging av plastringar vil betre miljøtilstanden. Gjeldande plan legg ikkje opp til dette og det gjer det vanskeleg å betre miljøtilstanden.<br>At område for oppankring er trekt ut frå land gjer det meir kostbart å legga ut fortøyningar.<br>Konkrete merknadar:<br>1. Ak-område og ankerområde må utvidast ved Viknabukta.<br>2. Krav om reguleringsplan bør takast ut siden det er detaljert handsaming etter akvakulturlova og tidsaspektet er viktig i høve til forutsigbarhet i næringa<br>3. Føresegn om minimalt med utslepp av organiske partiklar må takast ut fordi det ikkje er tilgjengeleg teknologi<br>4. Rekkefølgjekrav til Blom må takast ut siden det | Kommunen kan med heimel i PBL stille krav til miljøkvalitet i arealføremål akvakultur.<br>Forureiningsmyndighetane viser til at årsaka til miljøtilstanden i Sørfjorden er knytt til utslepp av organiske partiklar, og ikkje til den vèrmessige situasjonen.<br>Kommunen har ikkje sett krav om nullutslepp men legg til rette for framtidig teknologi som vil gjera det mogelg å auke produksjonen av fisk i Sørfjorden.<br>Lokalt vil miljøtilstanden verta betre ved å nytte plastringar. Forureiningsmyndighetane viser til at det er usikkert om utlegging i plastringar vil betre miljøtilstanden.<br>1. Kommunen vil vurdera dette i planen.<br>2. Kommunen vurderar at for |

| | | |
|---|---|---|
| | ikkje er tilgjengeleg areal<br>5. Føresegn om å ta omsyn til kulturmiljø ved Blom hindrar bruk av ny teknologi<br>6. Omsynssonen i Sørfjorden bør takast ut då miljøtilstanden og påverknaden av denne vert overvaka og vilkåra styrt av fylkesmannen og fiskeridirektoratet | tiltak som kan ha vesentleg verknad for miljø og samfunn bør det avklarast i ein detaljregulering. Vi finn at handsaming etter særlover ikkje dekker intensjonen bak reguleringskravet i plan- og bygningslova.<br>3. Planen skal legga til rette for framtidig utvikling og vekst. Vekst i Sørfjorden kan på noverande tidspunkt berre skje ved å ha mindre påverknad på resispienten. Planen har ingen rettsverknad på eksisterande<br>4. Ligg inne erstatningsareal med miljøkrav.<br>5. Kulturmiljø Havrå er nasjonalt viktig og må takast omsyn til ved næringsutvikling.<br>6. Omsynssonen gjeld all påverknad på Sørfjorden og ikkje berre der fylkeskommune og fylkesmann har myndighet. Ein kritisk miljøsituasjon i fjorden gjer at alle tiltak må |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | | vurderast særskild, noko ein gjer gjennom å oppretta ein omsynssone. |
| 17/11440 | Hamre grendaråd v/Jan Erik Angelskår | Meiner at kommunen bør vurdera å kjøpe kyrkjekaien og omkringliggande areal. Ynskjer å ta ut følgande av føresegn § 6.23 *«Det er ikkje tillatt å auke kaivolum».* | Kjøp av kai vert ikkje vurdert i planen. Kaiutforming er viktig for å ivareta området som kulturmiljø, difor vert føresegna vidareført. |
| 17/11441 | Aksel og Kari Mjøs | Merknad som gjeld Hoshovde. Konkrete kommentarer knytt til Konsekvensutgreiing:<br>1. Fylling til Heldalsholmen vil ikkje ha vesentleg verknad på gjennomstrømning av vatn attersom det kun vil dekke 1/3 av strekket mellom holmen og land. Vil ha gode effekter på badeplass på innsida.<br>2. Gangsti vil ikkje krevje utsprenging.<br>3. Småbåthamn ligg lagt frå gravrøys og det er urimeleg at denne skal måtte avgrensast av denne.<br>4. For naustområde 5b vil det ikkje vera relevant med utsprenging, dette må ikkje vurderast inn i KU.<br>5. Stiller seg undrande til at småbåthamn er negativ for friluftsliv siden båt er viktig for friluftsliv og hamn gjer dette meir tilgjengeleg.<br>6. Vil presisera at det ikkje er planlagd fylling heilt ut til Heldalsholmen.<br>7. Tilrettelegging av småbåthamn er viktig for fastbuande og hyttefolk. Viktig med slik hamn ved 1b. Bør ikkje avvise ei fylling som vil ha små negative inngrepskonsekvensar men svært postivt for friluftsliv. | 1. God sirkulasjon er viktig for å sikre ein robust resipient, spesielt siden det er lagt opp til ein auka påverknad på området.<br>2. Ta til vitande<br>3. I utgangspunktet så skal alle tiltak tilpassast både landskap og kulturmiljø. Kommunen opnar for lokalisering av småbåthamn.<br>4. Er korrigert iKU.<br>5. Småbåthamn legg beslag på areal som er alment tilgjengeleg, medan småbåthamn berre gjer nokre tilgong til båtbasert friluftsliv.<br>6. Tatt til vitande.<br>7. Kommunen er positiv til arealintensiv arealbruk som td småbåthamn. Arealbruken må |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | imidlertid vurderast opp mot andre omsyn for å vurdera fordelar og ulemper. |
| 17/11442 | Morten Fotland | 96/27 og 90 | Kommentar til nytt naustområde Strand - Fotlandsvåg<br>1. Treng traktorveg eller liknande til naust for å kunne transportera reiskap og liknande til og frå naust. Ber om at vilkår om at det ikkje skal leggast køyreveg til sjø vert tatt vekk og at de kan opnast for traktor/ATV veg.<br>2. Lite svaberg i området. Vil vera vanskeleg å få plass naust utan nokon inngrep i terreng. Området er avsett som nærig og konsekvens for tiltak må vurderast opp mot dette. Anmoder om at vilkår om at det ikkje skal gjerast terrenginngrep vert tatt ut. | 1. Køyreveg vil føre til landskapsinngrep. Kommunen vil vurdera om det skal opnast for mellombels køyreveg.<br>2. Området framstår utan inngrep og med eit inntakt svaberg i dag. Landskapsomsyn er spesielt vektlagt i denne typen tiltak. Landskapsomsyn må ivaretakast sjølv om området er avsett til næring. |
| 17/11443 | Bergen Økologiske landsby Ba v/Ketil Lygre | 153/3 | Å behalde neset som friområde er negativt og området bør delvis leggast som landbruksområde. Vil ha landbruksaktivitet på området. Dette vil vera tiltak mot attgroing. Ved landbruksaktivitet skal det leggast til rete for allmenn ferdsel. Kan ikkje sjå at det er motstridande interesser mellom landbruk og allmenn bruk av friområdet. | Tatt til vitande. |
| 17/11465 | Bernt Gunnar Nesheim | | Etablerte bustader ligg 10-12 moh og ikkje høgt over strandsona. Tilgjengeleg bustadområde og naust og småbåtområde er ikkje tilgjengeleg på det opne markedet. Vanskeleg å få kjøpe eller tilgong til dette og difor viktig å kunne ha mulighet til å ha naust og bustad på eigen tomt. Terreng og kvalitet for friluftsliv på tilgrensande eigedom er lik som på tiltakshaver sin eigedom.<br>Område til tiltakshaver var overgrodd med tre men vart rydda | Utviding bustadområde vil flytte grense for privat bustadtomt lenger mot strandsona. Rammene for planen er tydlege på at det ikkje skal vurderast bustadhus i strandsona. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | i 2002, det er gjort eit betydeleg arbeid for å rydde opp, dette rydningsarbeidet må ikkje brukast som argument mot tiltakshaver. Området har aldri vorenytta av ålmenta.<br>Området er av ein slik karakter at ein kan byggje fleire naust og bustadar utan å forringe området sin karakter, og kan lokaliserast der det gjer minst skade for strandsone og friluftsliv.<br>Ber sekundært om å få utvida bustadområde i austredel av 105/55. Kan etablera naust rett endom huset. Dei områda på eigedomen som er best eigna til friluftsliv vert difor ståande urørt. | Er lagt til grunn prinsipp om samlokalisering av tiltak, sjå planprogram.<br><br>Utviding av bustadtomt vil verta vurdert. |
| 17/11389 | Lindås kommune | | Plan og miljøutvalet er postitv til planframlegget. | Tatt til informasjon |
| 17/21907 | Kristoffer Foldøy | Hamre | Informerar om at prestanaustet på Hamre er verneverdig. Peikar på at etablering av naustområde mellom kyrkjekaien og naustet vil vera eit dramatisk inngrep i kulturlandskapet. | Området vert vurdert tatt ut av planen. |
| 17/11777 | Fiskeridirektorat et | | Peikar på at plankartet har dårleg lesbarhet pga tekst ligg oppå kvarandre, og at kommunen må kvalitetsjekke dette før det går på høyring.<br><br>Generelt er endringane ved 2. høyring i tråd med innspel frå fiskeridirektoratet i 1. runde.<br><br>Spesifikke merknadar:<br><br>1. Ved Blom er området for lite og bør utvidast slik at det er plass til å modernisera anlegget.<br>2. Restareal av trålområde ved Litletveitholane er ikkje egna til tråling og bør takast ut.<br>3. Føresegn § 6.10 - Er ikkje heimel til å regulera drift av oppdrettsverksemd gjennom PBL.<br>4. Utslepp av organisk materiale til resipient vert regulert etter forureiningslova. Fiskeridirektoratet | Kommunen er samd i dette og vil rette opp lesbarhet.<br><br>1. Kommunen har sett av større område lenger inne i fjorden men grunna interessekonflikt med nasjonalt viktig kulturmiljø vert ikkje Blom utvida.<br><br>2. Kommunen er samd i dette og skal vurdera innspelet.<br><br>3. Dette er direkte feil, det er ein tydig heimel til å ta inn føringar for miljøkrav, sjå planskildring. Føresegna set ikkje direkte krav til teknologi |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | held fast ved at akvakulturverksemd ikkje kan regulerast etter PBL.<br>5. Rår i frå krav om reguleringsplan. | men legg rammer for miljøpåverknad.<br><br>4. Viser til punkt 4 og gjentar at det er ein eintydig heimel i PBL til å setje rammer for miljøpåverknad. Fiskeridirektoratet bør gje ei juridisk tolkning av rammer opp mot særlov ut frå samrordningsintensjonen i PBL, som kan underbyggje konklusjonen sin.<br><br>5. Vurderar at PBL som prosesslov er betre egna til å ivareta ei rekke avklaringar framfor sektorlov og vil difor ha plankrav på akvakultur. |
| 17/19612 | Fylkesmannen i Hordaland | Kommunen har gjort ein god og grundig jobb med planarbeid.<br><br>Statens vegvesen varsla motsegn til lokalisering av småbåthamn. I møte med fylkesmannen var det semje om å ikkje fremja motsegn og å løyse utfordringar knytt til trafikktryggleik gjennom reguleringsplan.<br><br>Nokre av arealendringane er i konflikt med statlege føringar for strandsoneforvaltning. Det er knytt **motsegn** til følgjande punkt:<br>1. **Naust og bryggje – Raknes – BAB43/44**. Området er kupert og utan inngrep. Eksisterar ikkje infrastruktur. Fjorden er viktig friuftsområde. Eksisterar naust og bryggeområde utover mot Lammaneset som kan stetta trong for båtplasser på Raknes. | 1. Vil vurdera å imøtekome motsegna.<br><br>2. Har utforma føresegn som ivaretar friluftsliv og landskap.<br><br>3. Vil vurdera å imøtekome motsegna.<br><br>4. Sett krav til utgreiingar i føresegn.<br><br>5. Bruken av arealet er avgrensa gjennom føresegn. Størrelse på areal vert difor vidareført. |

| | | |
|---|---|---|
| | 2. **Naust – Hamre – BAB45**. Samanhengande friområde der fleire naust kan gje auka privatisering. Er knytt motsegn på vilkår om at omsyn til friluftsliv og landskap skal ivaretakast i føresegn.<br>3. **Naust og brygge – Olsnes - BAB46 og BAB3**. Krev store landskapsinngrep for å realisera naust.<br>4. **Landbasert akvakultur – Kårvika – N8**. Kritisk til negativ verknad for Loneelva og naturtype brakkvannsdelta, i tillegg til landskapsinngrep. Motsegn på vilkår med krav om utgreiingar i føresegner.<br><br>Andre merknader som det ikkje er knytt motsegn til:<br><br>5. Omfanget av LNF-spreidd næring i Klyvikje syntes å vera stort. Det kan vera grunn til å vurdera ein reduksjon av arealet.<br>6. Føresegn 2.53 tredje kulepunkt og 5.16 tredje kulepunkt samsvarar ikkje med TEK10 § 6-2 fjerde ledd. Må endrast slik at det er samsvar med TEK10.<br><br>Utvida merknad om akvakultur:<br><br>7. Ber om at det vert vurdert om KU og planskildring vert oppdatert noko før den politiske slutthandsaminga.<br>8. Ber om at det vert gjort ei litt meir utfyllande vurdering av verdien og potensialet Osterfjordsystemet med tilhøyrande vassdrag har og har hatt som viktig laksefjord som som til kjelde for mellom anna tradisjonelt næringsfiske, fritidsfiske og rekreasjon.<br>9. Minner om lakseregisteret og vedteken kvalitetsnorm for villaks.<br>10. Viser til at siste oppdatert kunnskap ikkje er lagt til grunn i siste utgåve av planen, jf *Vurdering av* | 6. Vert endra.<br><br>7. Vert oppdatert.<br><br>8. Ei utfyllande vurdering av desse tema ligg etter vår vurdering utanfor det som naturleg fell inn i utgreiing av verknadar av ny arealbruk, jf krav til nivå av utgreiing i KU-forskrift.<br><br>9. Tatt til orientering.<br><br>10. Planskildirng og KU er oppdatert.<br><br>11. Vurdert i planskildring og KU. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | *lakselusindusert villfiskdødlighet per produksjonsområde* og *Risikorapport for norsk fiskeoppdrett 2017.10.10*<br>11. Ber kommunen vurdera om ein skaL sjå nærare på eventuell spreiing frå ulike sjukdommar frå oppdrettsfisk til ville laksefiskebestander. | |
| 17/19526 | Hordaland fylkeskommune | I møte i Utval for kultur, idrett og regional utvikling den 13. september 2017, vart det fatta følgjande vedtak:<br>*1.Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner Osterøy kommune har gjort eit grundig arbeid for å avklare heilskapleg og overordna arealbruk i kommunen sitt sjø- og strandsoneareal. Utvalet meiner planforslaget balanserer utfordringar og moglegheiter med vidare utvikling av strandsona i kommunen på ein god måte.<br>2. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at etablering av naustområde i omsynssone kulturmiljø for kyrkje, gravlund og kai på Hamre er i strid med nasjonale og regionale kulturminneverdiar. Forslag til arealbruk må takast ut av planen eller endrast for å betre sikre nasjonale og regionale kulturminneinteresser. Det er knytt **motsegn** til dette punktet.<br>3. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* viser til at avgrensing for omsynssona for mellomalderkyrkjestadene Hosanger, Hamre, | 1. Tatt til vitande.<br>2. Vil vurdera å imøtekome motsegna.<br>3. Vil imøtekome motsegna.<br>4. I. Grunna at det no er starta opp større planarbeid i området vil det ikkje vera mogleg å setje krav om ein samla reguleringsplan. Kommunen vil vurdera krav om områderegulering i sin neste planstrategi.<br>II. Kommunen har vedtatt lokaliseringa på bakgrunn av ei samla vurdering av ulike interesser.<br>III. Vert vurdert.<br>IV. Tatt til orientering.<br>5. I. Tatt til orientering. Føresegn vert endra.<br>II.Tatt til orientering. |

| | | |
|---|---|---|
| | Haus og Bruvik ikkje er korrekt. Det er knytt **motsegn** til dette punktet.<br><br>4. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* har særlege kulturminnefaglege merknader til planforslaget for følgjande tiltaksforslag:<br><br>I. Sentrumsformål Fotlandsvågen – Arealføremål BS 1 i plankart. Utvalet ber om at det vert stilt krav om ein samla reguleringsplan for Fotlandsvåg.<br><br>II. Småbåthamn i Fotlandsvågen – Arealføremål VS2 i plankart. Utvalet ber om at kommunen på nytt vurderer lokalisering av gjeste- og småbåthamn i Fotlandsvåg, då kommunen sitt forslag er i konflikt med kulturminne og landskapsomsyn.<br><br>*III.* Akvakulturanlegg på Blom – Arealføremål VA3 i plankart. Utvalet ber om at føresegn 6.12. vert endra til «Anlegget på Blom skal ta særleg omsyn til kulturmiljøet og nærliggande område (PBL §11-9, nr.6».<br><br>*IV.* Naust ved Hosanger kyrkjestad – Arealføremål BAB30 i plankart. Området ligg innafor omsynssone kulturmiljø og ligg tett på Hosanger kyrkjestad og mellomalderkyrkjegarden. Utvalet er negativ til etablering av nytt naust då dette kan verke | 6. I. Vurderar at PBL som prosesslov er betre egna til å ivareta ei rekke avklaringar framfor sektorlov og vil difor ha plankrav på akvakultur.<br><br>II. Kommunen er av den oppfatning av arealbruken tydeleg skal gå fram av plankartet. Føresegn for fleirbruksområde og oppankring er ei utydeleg lokalisering som det er diskutabelt om fell inn under det som er krav til i plan- og bygningslova når det gjeld eintydig lokalisering i plankart. Kommunen meiner at medverknad må tuftast på eit plankart der det tydeleg kjem kva som skal etablerast og kvar. |

skjemmande på kulturmiljøet.

5. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* meiner at det er ein utfordrande balansegang mellom tilrettelegging for akvakulturinteresser og omsynet til berekraftig samfunnsutvikling. Osterøy kommune ønskjer med planforslaget å svare på nasjonale forventningar om kommunal planlegging som legg vekt på berekraftig og miljøvenleg utvikling. Utvalet meiner likevel at dagens akvakulturinteresser i for liten grad er ivaretatt i høve til bruk av føresegner til akvakulturområde for Blom og Skaftå.

I. Føresegn 6.10 knytt til utslepp må endrast. Ein må tydleg sitere til at punktet gjeld ved vesentlege endringar på dei nemnde lokalitetane. (Skaftå og Blom), og ikkje vil gjelde for dagens drift.

II. Føresegn knytt til utslepp frå akvakulturområda ved Viknabukta, Øyjordsvika og Heldal kan utfordre framtidige akvakulturinteresser i kommunen. Kommunen sitt overordna fokus på bærekraft vert likevel vurdert som så viktig at utvalet ønskjer å støtte kommunen sitt planforslag.

6. *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* har særlege merknader når det gjeld akvakultur:

I. Det bør gjerast unntak i føresegn for at det på akvakulturanlegg kan gjerast alle typar endringar

| | |
|---|---|
| | utan krav om reguleringsplan.<br><br>*II.* Det bør takast inn ei føresegn som sikrar utlegging av fortøyingar i fleirbruksområde utan akvakultur. |
| | |

# MERKNADER KOMEN INN ETTER HØYRINGSFRISTEN

**KOMMUNEDELPLAN FOR SJØ OG STRANDSONA**

**MERKNADSSKJEMA – OVERSIKT OVER MERKNADER KOMEN INN ETTER HØYRINGSFRISTENFRISTEN**

| Nr. KU | Journalpost | Avsendar | Område/gnr | Merknad |
|---|---|---|---|---|
| | 17/14062 | John Hoshovde | Hoshovdeneset | Viser til at det ikkje kjem fram i planen at det er avsett rettar til laksefiske i sjø. Spør om det ikkje er gjort registreringar om dette. |
| | 17/16490 | Lars Kleppe | Drange/Gbnr 101/9 | Har ikkje vore klar over planprosessen. Ynskjer flytebryggje for tilkomst til gardsbruk. Bakgrunn er at det er over 2,5 km frå veg til garden og at det ikkje er skikkeleg tilflot frå sjø i dag. |
| | 17/20627 | Eivinn Revheim | Klyvikje | Viser til at grindbygget er 24 m2 stort og at føresegner i planen er 20 m2 for oppføring av grindbygg i strandsonen. |
| | 17/21038 | Fam. Vatle og Fam. Holmedal | Raknes gbnr 110/89 og 90, 110/82 og 88 | Viser til innspel om småbåtanlegg på gbnr 110/1. Er 4 tinglyst båtfeste på same areal. Er i same vika tilrettelagd badeplas for små born og er den einaste badeplassen for ålmenta i dette området. Protesterar mot etablering av flytebrygge(småbåtanlegg på dette arealet. |